

---

**Fra:** Ingrid Marie Heiene <ingrid.i.heiane@gmail.com>  
**Sendt:** 3. desember 2016 00:41  
**Til:** Postmottak KLD  
**Emne:** Høyringsvar om klimalov

Kjære klima- og miljøminister Vidar Helgesen,

Dette brevet er berre eitt av veldig mange høyringsvar som i tida som er igjen fram mot 9. desember vil finne vegen til postmottaket til Klima- og miljødepartementet. Eg veit at dei alle blir lese av nokon. Så eg kan jo håpe at akkurat dette når akkurat deg.

I tida framover skal regjeringa arbeide vidare med forslaget til ein norsk klimalov. Eg kan ikkje understreke nok kor viktig det er at dette blir ein sterk, tydeleg og ikkje minst styrande klimalov.

Allereie i dag påverkar klimaendringane liva våre. Hyppigare ekstremvêr av ymse slag – storflaumar, stormar, skred, ras, avlingssvikt – og alt det desse fører med seg av politisk uro og skadar på liv og eigedom, er ikkje noko som kjem i framtida. Dei er her no. Men i framtida vil det komme meir. Meir og meir. Kor ille det blir, og kor rusta vi vil stå mot endringane etter kvart som dei bryt mot oss, ligg i våre hender, no. Utsleppa må ned, og vi har inga tid å miste. Dette er ikkje eit plaster som det vil bli mindre vondt å rive av jo lengre vi ventar. Dette, minister, er koldbrann. Vi har ikkje råd til å somle.

Å kutte utslepp er ikkje artig. Mange kjem til å bli sure, og nokre kjem til å oppleve at kvardagen deira blir vanskelegare. For politikarar er det kjipt og ubehageleg å måtte ta slike avgjersler. Derfor er det så viktig at når Stortinget skal vedta ein norsk klimalov til våren, må denne vere så tydeleg at ingen kan vri seg unna dette ubehaget.

Mange vil skrive inn til departementet at dette er Noregs bidrag til ein leveleg klode. Eg vil gå lengre enn som så. Dette er dette stortingets bidrag til framtidens Noreg. Klart Noreg kunne ha kutta alle utsleppa sine i utlandet. Vi kunne betalt oss ut av dette ved å kjøpe regnskog og investere i infrastruktur i utviklingsland, og det ville gi større netto utsleppskutt per krone enn vi kan få til her heime. Korfor ber eg likevel om at vi kuttar her? Fordi eg har planar om å bu i dette landet i seksti år til. Eg vil ikkje sjå det bli ei bakevje, med eit latterleggjort politisk styre internasjonalt, med turistnæring og fiskerinæring årelata av at det imaget vi lever så godt på i dag, punkterast. Eg vil ikkje sjå på at vi får ein økonomi tynga ned av sanksjonar for brot på internasjonale avtalar, og stigande arbeidsløyse etter kvart som kunnskapsarbeidsplassane vi satsar på i dag går til land som gjorde dei riktige vala i tide.

Minister, du og departementet *veit* alt dette. Derfor håpar eg at dokker vil låne øyre til dei stemmene som no skriv høyringsvar til dokker og krev at den planlagte klimaloven blir tydelegare. Eg har sett på WWFs høyringsvar, og i all hovudsak er eg einig i dei endringane dei føreslår (punkt i-v). Eg vil dessutan legge til eit punkt til (vi).

- i. **Tydelegare klimamål:** Vi treng ein tydelegare definisjon på kva vi meiner med at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i tråd med Parisavtalen. Derfor må klimaloven talfeste kor store klimagassutslepp Noreg skal ha i 2050.
- ii. **Tydelegare prosess:** Stortinget må vedta eit tak for kor mykje klimagassar Noreg kan sleppe ut dei neste 12 åra. Regjeringa må lage ein handlingsplan som viser korleis dei skal nå klimamåla, og korleis dei fordeler dette ansvaret på dei ulike delane av samfunnet. Stortinget må følgje opp denne handlingsplanen årleg.
- iii. **Utslepp inn i statsbudsjettet:** Alle statsbudsjett framover, frå og med neste år, må i tillegg til oversikt over statens inntekter og utgifter også innehalde tal som viser korleis budsjettet påverkar klimaet og kva regjeringa gjer i dette budsjettet for å nå måla dei har sett i den tidlegare nemnte handlingsplanen sin (punkt ii).
- iv. **Kvalitetssikring:** Vi treng eit fagleg solid og politisk uavhengig kontrollorgan som sjekkar at politikken som blir ført, er i tråd med klimamåla Stortinget har vedtatt.
- v. **Rettslege konsekvensar:** Regjeringas forslag, slik det er no, lyd: «Siden målene er rettslig forpliktende for framtidige storting og regjering vil de bidra til forutsigbarhet og langsiktighet i

klimapolitikken. Overtredelse av målene utløser ingen rettslige sanksjoner» (punkt 8.3). WWF foreslår å stryke dette frå forslaget. Det å bryte med klimaloven *må* få konsekvensar – elles er lova hol. Å skrive inn i forslaget til lova at ho skal vere utan rettslege konsekvensar om ein ikkje overheld ho, er å skape ein politisk struts frå dag éin. Eg stør derfor WWF i dette forslaget, sjølv om eg meiner det bør kunne presiserast i lova *kva slag* rettslege konsekvensar eit brot med utsleppsmåla kan og ikkje kan få.

- vi. **«Innan», ikkje «i»:** I regjeringas forslag står det ganske konsekvent at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn «i» 2050. Dette er for svakt, og tillèt framtidige storting meir av den utsettingsåtferden vi allereie ser for mykje av. Eg ber innstendig om at ordlyden blir endra til «innan» 2050. Viss Noreg ikkje er eit lågutsleppssamfunn innan 2050, har klimaloven feila, og Noreg vil vere langt akterutseglt som kunnskaps- og energinasjon. Da flyttar ikkje ingeniørane våre frå Stavanger, minister. Da vil dei flytte frå *landet*.

Eg ønsker ministeren og departementet lykke til med det vidare arbeidet – som vi ikkje gjer berre for kloden, men vel så mykje for oss sjølv. Klimatilpassing, minister, er den nye oljen. Vi kan bli best i verda på dette. Men berre viss dokker er tøffe nok no.

Beste helsing, med ønsker om ei god adventstid full av høyringsforslagslesing,

Ingrid M. Heiene,

Lektor, Trondheim